

AVGJERD I EØS-KOMITEEN
nr. 75/2007

av 6. juli 2007

om endring av vedlegg I til EØS-avtala (Veterinære og plantesanitære tilhøve)

EØS-KOMITEEN HAR –

med tilvising til avtala om Det europeiske økonomiske samarbeidsområdet, endra ved protokollen om justering av avtala om Det europeiske økonomiske samarbeidsområdet, heretter kalla "avtala", særleg artikkel 98, og

på følgjande bakgrunn:

- 1) Vedlegg I til avtala vart endra ved avgjerd i EØS-komiteen nr. 143/2006 av 8. desember 2006⁽¹⁾.
- 2) Kommisjonsvedtak 2006/335/EF av 8. mai 2006 om å gje Republikken Polen løyve til å forby bruken på territoriet sitt av 16 genmodifiserte maissortar i MON 810-linja som er førde opp i den felles sortslista for jordbruksvekstrar i medhald av rådsdirektiv 2002/53/EF⁽²⁾ skal takast inn i avtala.
- 3) Kommisjonsvedtak 2006/338/EF av 8. mai 2006 om å gje Republikken Polen løyve til å forby bruken på territoriet sitt av visse maissortar som er førde opp i den felles sortslista for jordbruksvekstrar i medhald av rådsdirektiv 2002/53/EF⁽³⁾ skal takast inn i avtala.
- 4) Kommisjonsdirektiv 2006/124/EF av 5. desember 2006 om endring av rådsdirektiv 92/33/EØF om markedsføring av formeringsmateriale og plantemateriale av grønnsaker, med unntak av frø, og av rådsdirektiv 2002/55/EF om markedsføring av grønnsakfrø⁽⁴⁾ skal takast inn i avtala.
- 5) Kommisjonsdirektiv 2006/127/EF av 7. desember 2006 om endring av direktiv 2003/91/EF om fastsetjing av gjennomføringstiltak for artikkel 7 i rådsdirektiv 2002/55/EF med omsyn til kva eigenskapar som minst skal omfattast av og kva minstekrav som skal gjelde for gransking av visse sortar av grønnsakartar⁽⁵⁾ skal takast inn i avtala.

⁽¹⁾ TEU L 89 av 29.3.2007, s. 9, og EØS-tillegget til TEU nr. 15 av 29.3.2007, s. 7.

⁽²⁾ TEU L 124 av 11.5.2006, s. 26.

⁽³⁾ TEU L 125 av 12.5.2006, s. 31.

⁽⁴⁾ TEU L 339 av 6.12.2006, s. 12.

⁽⁵⁾ TEU L 343 av 8.12.2006, s. 82.

- 6) Kommissjonsavgjerd 2006/934/EF av 14. desember 2006 om vidareføring i 2007 av dei samanliknande fellesskapsforsøka med og fellesskapsanalysane av frø og økslingsmateriale av *Asparagus officinalis* L. i medhald av rådsdirektiv 2002/55/EF som tok til i 2005⁽⁶⁾ skal takast inn i avtala.
- 7) Kommissjonsvedtak 2007/66/EF av 18. desember 2006 om et tidsbegrenset forsøk med hensyn til å øke den største vekten til et parti med visse frø fra førvekster i samsvar med rådsdirektiv 66/401/EØF⁽⁷⁾ skal takast inn i avtala –

TEKE DENNE AVGJERDA:

Artikkel 1

I vedlegg I kapittel III i avtala vert det gjort følgjande endringar:

1. I del 1 nr. 12 (rådsdirektiv 2002/55/EF) skal nytt strekpunkt lyde:
”– **32006 L 0124:** Kommissjonsdirektiv 2006/124/EF av 5. desember 2006 (EUT L 339 av 6.12.2006, s. 12).”
2. I del 1 nr. 15 (kommisjonsdirektiv 2003/91/EF) vert følgjande lagd til:
”, endret ved:
– **32006 L 0127:** Kommissjonsdirektiv 2006/127/EF av 7. desember 2006 (EUT L 343 av 8.12.2006, s. 82).”
3. I del 2 etter nr. 46 (kommisjonsdirektiv 2006/47/EF) skal nye nr. 47–50 lyde:
”47. **32006 D 0335:** Kommissjonsvedtak 2006/335/EF av 8. mai 2006 om å gje Republikken Polen løyve til å forby bruken på territoriet sitt av 16 genmodifiserte maissortar i MON 810-linja som er førde opp i den felles sortlista for jordbruksvekstrar i medhald av rådsdirektiv 2002/53/EF (EUT L 124 av 11.5.2006, s. 26).
48. **32006 D 0338:** Kommissjonsvedtak 2006/338/EF av 8. mai 2006 om å gje Republikken Polen løyve til å forby bruken på territoriet sitt av visse maissortar som er førde opp i den felles sortlista for jordbruksvekstrar i medhald av rådsdirektiv 2002/53/EF (EUT L 125 av 12.5.2006, s. 31).
49. **32006 D 0934:** Kommissjonsavgjerd 2006/934/EF av 14. desember 2006 om vidareføring i 2007 av dei samanliknande fellesskapsforsøka med og fellesskapsanalysane av frø og økslingsmateriale av *Asparagus officinalis*

⁽⁶⁾ TEU L 355 av 15.12.2006, s. 104.

⁽⁷⁾ TEU L 32 av 6.2.2007, s. 161.

L. i medhald av rådsdirektiv 2002/55/EF som tok til i 2005 (EUT L 355 av 15.12.2006, s. 104).

50. **32007 D 0066:** Kommisjonsvedtak 2007/66/EF av 18. desember 2006 om et tidsbegrenset forsøk med hensyn til å øke den største vekten til et parti med visse frø fra førvekster i samsvar med rådsdirektiv 66/401/EØF (EUT L 32 av 6.2.2007, s. 161).”

Artikkel 2

Teksta til direktiv 2006/124/EF og 2006/127/EF, vedtak 2006/335/EF, 2006/338/EF og 2007/66/EF samt avgjerd 2006/934/EF på islandsk og norsk, som vil verte kunngjord i EØS-tillegget til *Tidend for Den europeiske union*, skal verte gyldig.

Artikkel 3

Denne avgjerda tek til å gjelde 7. juli 2007, på det vilkåret at EØS-komiteen har motteke alle meldingar etter artikkel 103 nr. 1 i avtala^(*).

Artikkel 4

Denne avgjerda skal kunngjerast i EØS-avdelinga av og EØS-tillegget til *Tidend for Den europeiske union*.

Utfjerda i Brussel, 6. juli 2007

For EØS-komiteen

Stefán Haukur Jóhannesson

Formann

(*) Ingen forfatningsrettslege krav oppgjevne.